

Vestnes Kommune.

Rådet for Funktionshemma. Årsmelding 2018

Innledning

Rådet For Funksjonshemma i Vestnes har visjon om ei godt universelt utforma kommune innan 2025.

Lov om råd i kommunane for menneskjer med nedsett funksjonsevne vedteken av Stortinget 17.juni 2005 med verknad frå 01.01 2008. Etter denne lova skal kommunar og fylkeskommunar ha eit råd eller anna representantsordning for menneskjer med nedsett funksjonsevne.


Heretter omtalast Rådet For Funksjonshemma som RFF.

RFF skal sørge for brei og tilgjengeleg medverknad i arbeidet med saker som har særleg betydning for menneskjer med nedsett funksjonsevne. Vi har sett oss som mål at menneskjer med funksjonshemming blir ivaretekne gjennom integrering, inkludering, arbeide mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne og tenester for menneskjer med nedsett funksjonsevne.

GAP- modellen.

Politiske dokumenter i dag definerer funksjonshemming som eit gap mellom personens forutsetning og dei samfunnsmessige krava som til dømes fysiske og sosiale omgjevnader. Funksjonshemminga oppstår som eit gap mellom personlege forutsetningar og samfunnets krav til fungering (Askheim 2003). RFF arbeidar med å minske fysiske barrierar i lokalsamfunnet Vestnes, slik at det kan sikrast deltagelses arena for alle.

Personens forutsetningar




Funksjonshemming oppstår gjennom samfunnsskapte barrierar.

Samfunnets krav til fungering

Rådsmedlemmane

Namn	Reprenterer	Rolle
Julie Slenes Leine	Senterpartiet (SP)	Leiar
Per Gisle Enge	Brukerorganisasjonar (BRO)	Nestleiar
Jon Bruseth	Brukerorganisasjonar (BRO)	Medlem
Gunn Anita Valldal	Brukerorganisasjonar (BRO)	Medlem
Heidi Landbakk	Brukerorganisasjonar (BRO)	Medlem
Øyvind Granberg	Arbeiderpartiet (AP)	Varamedlem
Nina Kvernmo	Brukerorganisasjonar (BRO)	Varamedlem
Kjell Magne Nakken	Brukerorganisasjonar (BRO)	Varamedlem

Arbeidet i 2018



RFF i Vestnes hadde 7 møter, der to av møta var saman med Eldrerådet, eit med felles orientering om økonomiplan 2019-2022, og eit møte med felles orientering om høyring av budsjett 2019.

Utdeling av Årets Ros 2018 for Universell utforming.

Vinnaren av Årets Ros 2018 var Anny Gjerde. Årets Ros er ein årleg pris som utdelast av Rådet for funksjonshemma. Hensikta er å sette fokus på at universell utforming i praksis gjer nytte for å auke tilkomst og deltaking for dei som treng hjelpemiddel til ulik aktivitet. Årets vinnar av prisen Årets Ros 2018, har vist eit stort engasjement i vedlikehald, opparbeiding, planlegging, ide og verdiforvaltning. Resultatet er eit heilheitleg utemiljø, tilrettelagt for barn og vaksne.




Hagen stimulerer til sansing, lek og samankomst for alle aldersgrupper, med godt universelt utforma tilkomst for barnevogner, rullatorar, rullestolar og gåande. Planteresortimentet er velplassert for å gje unike sanseopplevingar, heile året. Årets vinner har vist stort engasjement og drivkraft i mobilisering av menneskelege ressursar for vedlikehald av hagen. Saman med ei gruppe frivillige i «Gamleskulens venner», blir vedlikehaldet av hagen ved frivilligsentralen gjennomført som frivillig vedlikehaldsarbeid.

Foreslagsstiller til årets vinner var Aud Sissel Løvoll Suoranta.

Universell utforming – Medverknad i plansaker.

Dette gir rådet moglegheit for å komme med innspel i kommunal planlegging som er særleg viktig for menneskjer med nedsett funksjonsevne. Eige reglement for rådets arbeid ble vedtatt av kommunestyret i 2016. Rådet er orientert i større plan- og byggjesaker, og kjem med råd og innspel. Det har blitt gjennomført to synfaringar i 2018, den eine vedkomande Sjøfronten og Vestnes sentrum. Den andre synfaringa blei gjennomført på Tomrefjord Idrettsbygg.

Rådet behandlar også innspel frå bebuarar i Vestnes og saker tekne opp av rådsmedlemmane.



Reguleringsendring Slutåshaugen

Kva vi har delteke på i 2018.

Fylkeskonferanse for RFF i Møre og Romsdal- Februar

RFF i Vestnes kommune deltok på den årlege fylkeskonferansen i Molde. Fylkeskonferansen er ein møtefora for alle kommunale råd i fylket, der dei kommunale råda møtes til ideutveksling og fylkesrådet orienterer om viktige saker. Gode føredragshaldarar frå fylket, staten og brukerrepresentantar orienterer om høyringssaker, lovverk og kva det vil seie å vere funksjonshemma. Deltagarar frå Vestnes var: John Bruseth, Julie Slenes Leine og Gunn Anita Valldal.

Helsehuset Stella Maris

RFF har delteke i to arbeidsgrupper i arbeidet med helsehuset Stella Maris. I arbeidsgruppa «bogrupper» vart Julie Slenes Leine vald som deltakar. I arbeidsgruppa «Uteområde» vart Nina Kvernmo og Gunn Anita Valldal vald som deltakare. Medlemmane hadde ei oppleving av brei medverknad i utforminga, då særleg med tanke på Universell Utforming.

Tomrefjord Idrettsbygg - September

RFF blei invitert på synfaring til Tomrefjord idrettsbygg i september 2018. Anette C. Sæland (Vestnes kommune) byggesjef på prosjektet, tok imot innspel og erfaringar knytt til tilgjengelegheit for funksjonsnedsette.



Bilete: Frå venstre Anette C. Sæland, Jon Bruseth, Per Gisle Enge, Gunn Anita Valldal og Heidi Landbakk.

Kilder

Askheim, Ole Petter. 2003. *Fra normalisering til empowerment- Ideologier og praksis i arbeid med funksjonshemmede*. Gyldendal Akademisk: Oslo.

Barne-, likestillings-og inkluderingsdepartementet. 2016. *Regjeringens handlingsplan for universell utforming 2015- 2019*. Oslo.

NOU 2016: 17. 2016. *På lik linje — Åtte løft for å realisere grunnleggende rettigheter for personer med utviklingshemming*.

Vestnes kommune. 2016. *Gjennomføring av møte i kommunale organ i Vestnes Kommune*.
http://www.vestnes.kommune.no/getfile.aspx/document/epcx_id/1432/epdd_id/4136